

Sakshandsaming:

- ◆ Når barneverntenesta mottok ei melding eller førespurnad om hjelp, må dei innan ei veke bestemme om saka skal henleggjast eller undersøkast vidare
- ◆ Om meldinga fører til ei undersøking, vil denne føregå, så langt som mogleg, i samarbeid med deg som forelder. Undersøkinga består bl.a. av samtalar, heimebesøk og innhenting av informasjon. Føremålet er å kartleggja situasjonen for å gje best mogleg hjelp.
- ◆ Ei undersøking skal vera ferdig innan 3 månadar, i unntakstilfelle kan den utvidast til 6 månadar
- ◆ Etter undersøkinga kan saka henleggjast eller ein blir tilbydt hjelpetiltak.
- ◆ Tiltak blir iverksatt og evaluert undervegs
- ◆ Dersom barneverntenesta meiner at hjelpetiltak ikkje kan hjelpa familien kan barneverntenesta fremme sak for Fylkesnemnda om å overta omsorga for barnet.



Kontaktinformasjon:

Kontorstad: Rådhuset i Aksdal

Opningstid: Kl. 08.00–15.30

Telefon til sentralbordet: 52 75 70 00

Adresse: Tysvær kommune
Barneverntenesta i Tysvær
Postboks 93
5574 Aksdal

Aktuelle nettsider og telefonnummer:

www.tysver.kommune.no/barnevern

www.barnevernet.no

www.116111.no

Alarmtelefon for barn og unge: 116 111 (gratis)

Det kan vera vanskeleg å
vera forelder



TYSVÆR KOMMUNE
BARNEVERNTENESTA I TYSVÆR

Barneverntenesta kontaktar du bl.a. i samband med:

- ⇒ Utfordringar i foreldrerolla
- ⇒ Samspelsvanskar i familien
- ⇒ Barn og unge med atferdsvanskar
- ⇒ Barn og unge med emosjonelle vanskar
- ⇒ Barn og/eller foreldre som har rusproblem
- ⇒ Barn med psykisk sjuke foreldre
- ⇒ Omsorgssvikt/mishandling
- ⇒ Vald i heimen
- ⇒ Seksuelle overgrep/incest
- ⇒ Kriminalitet



Kven kan kontakta barneverntenesta:

- ◆ Foreldre
- ◆ Barnet sjølv
- ◆ Ungdomen sjølv
- ◆ Kommuntalt/offentleg tilsette
- ◆ Naboar, vener, familie
- ◆ Andre privatpersonar

Om du er usikker på ei sak, kan du kontakta barneverntenesta for rettleiing og drøfting av saka.

Hjelpetiltak gjennom barneverntenesta kan delast i 3 kategoriar:

Endringstiltak:

- ◆ Rettleiing av foreldre i omsorgsoppgåva
- ◆ Foreldrerettleiarprogrammer for barn med åtferdsvanskar (PMTO, MST, Webster-Stratton)
- ◆ Vidare tilvisning til Barne- og ungdomspsykiatrisk (BUP)

Kompenserande tiltak:

- ◆ Besøksheim
- ◆ Støttekontakt
- ◆ Barnehageplass/SFO
- ◆ Økonomisk støtte
- ◆ Miljøarbeidar i heimen
- ◆ Frivillig plassering i fosterheim
- ◆ Ansvarsgruppemøte der fleire etatar samarbeider om barnet/ungdomen

Kontrollerande tiltak:

- ◆ Tilsyn
- ◆ Rustesting

I tillegg kjem saker med omsorgsovertaking med plassering i fosterheim eller institusjon.

Ungdom kan og plasserast på institusjon pga atferd



Formålet til barneverntenesta:

- ⇒ Å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår
- ⇒ Å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid
- ⇒ Avdekka omsorgssvikt, atferds- og sosial og emosjonelle vanskar så tidleg at varige problem kan unngåast og setje inn tiltak i forhold til dette
- ⇒ Medverke til at barnas interesser vert ivaretekte også av andre offentlege organ

Barneverntenesta gir hjelp til barn og unge i alderen 0-18 år og deira familiar som bur i Tysvær kommune, tiltak kan fortsette til ungdomen er 23 år.



Andre opplysningar:

- ◆ Dei fleste tiltaka er frivillige
- ◆ Barneverntenesta har teieplikt
- ◆ Barn og unge skal høyrast i barnevernssaka
- ◆ Barnevernet ynskjer å støtte familien i deira oppgåver i heimen, samtidig som barneverntenesta og har ein kontrollfunksjon
- ◆ Tiltak som blir sett inn skal vera til barnet sitt beste
- ◆ Barnevernet har som si spesielle oppgåva å ta vare på dei mest utsette barna
- ◆ Me arbeidar etter Lov om barneverntenester